

Årsrapport 2007

Friskere geiter



HELSETJENESTEN FOR
GEIT

Smittesaneringsprosjektet
FRISKERE GEITER



Årsrapport Friskere geiter 2007

Oppsummering

Det har vore god framdrift i prosjektet også i 2007. Interessa er aukande.

46 produsentar har gjennomført eller er starta med sanering i 2007. Til saman har 169 produsentar gjennomført eller er i gang med sanering. 40 produsentar er påmeldt til sanering i 2008, 57 er påmeldt til 2009.

Prøvetaking og analyse fungerer godt, og det er testa fleire dyr enn nokon gong. Prosjektet vil halde ein høg prøvfrekvens i område der det er stor risiko for påvisning av smittestoff, og vil gå ned på frekvensen i mindre risikoutsette område. I risikoområde for paratuberkulose er det nødvendig å fylgje opp med meir prøvetaking enn i andre område.

Andelen med CAE-positive geiter etter sanering er svært låg.

Byllesjuka er påvist i tre sanert besetningar.

Det er påvist paratuberkulose i ein sanert buskap. Til dels omfattande testing i andre buskapar har hittil ikkje ført til påvisning av paratuberkulose.

Det er samla inn meir data frå effektivitetskontrollen. Dette materialet vil bli brukt for ei evaluering av prosjektet. Dette arbeidet held fram.

Det er gitt løyvingar til to fireårige forskingsprosjekt som bae byggjer på data frå Friskere geiter. Det eine prosjektet har to stipendiatar.

Helsetilstanden i sanerte buskapar er hovudsakleg svært god. Godt kjeoppdrett, rett føring og godt stell har avgjerande betydning for resultatet etter sanering. I nokre buskapar er det oppstått ein del problem med luftvegsinfeksjonar av ukjent årsak, noko høgare mastittfrekvens enn ynskjeleg og mage-tarmsjukdom.

Det har vore god kontakt med Mattilsynet i 2007.



I nydeleg vårever i Telemark diskuterer veterinær Ingeborg Hauglid (til venstre) og geitebonde Venja Rui smittesaning

Innleiing

Smittesaneringsprosjektet Friskere geiter har også i 2007 halde fram etter vedtekne retningsliner.

Målsettinga er å utrydde sjukdommane CAE (Caprin Artritt Encephalitt), byllesjuka og paratuberkulose i norske geitebuskarar. Sjukdommane har stor negativ innverknad på dyrehelse, dyrevelferd og produksjon i flokkane.

Fase 1 start i 2001 og Fase 2 starta i 2005.

Prosjektet er vurdert å ha stor nasjonal verdi, og det var sett av 11,3 mill. kroner frå Landbruks- og Matdepartementet, gjeven over jordbruksavtalen for 2007. Budsjettet for 2007 var på 11,7 millionar kroner.

Deltaking i prosjektet er frivillig, og produsentane må sjølve melde seg på.

Saneringsarbeidet er viktig for å få utrydda smittsame sjukdomar. I tillegg viser det seg svært ofte at det er mykje lettare å oppnå ein god produksjon etter sanering.

Det vil vera av avgjerande betydning for norsk geitehald at smittesaneringsarbeidet blir vidareført i heile geitepopulasjonen.

Prosjektstyring

Friskere geiter er eit nasjonalt prosjekt, eigd av TINE BA ved helsetjenesten for geit (HTG) . Samarbeidsrådet i HTG fungerer som styringsgruppe for prosjektet.

Liv Sølverød er sekretær.

Styringsgruppa har i 2007 vore:

Ingolf Følven, TINE BA, leiar

Ingrid Arneng, NSG

Helga Kvamsås, TINE BA/ TINE Meieriet Vest

Ingunn Nævdal, NSG

Ola Nyberg/Annette Kampen, Veterinærinstituttet

Gunnar Øvernes, DNV

Snorre Stuen, NVH

Synnøve Vatn, Helsetjenesten for sau, Animalia

Liv Sølverød, TINE Rådgiving/ Helsetjenesten for Geit, sekretær,

Prosjektgruppa har i 2007 vore:

Nils Leine, prosjektleiar

Solfrid Steen, TINE Meieriet Øst

Helga Kvamsås, TINE Meieriet Vest

Trond Pettersen, prosjektkoordinator for Nord-Noreg

Atle Drangevåg, TINE Meieriet Sør

Ingunn Nævdal, Norsk sau og geit

Jan Morten Estil, TINE Midt-Norge

Gunnar Valdøl, prosjektkoordinator for Møre og Romsdal

Liv Sølverød, sekretær i Helsetjenesten for geit

Informasjonsarbeid

Møter og samlingar for produsentar: Det har vore halde informasjonsmøter over heile landet. Det har også vore gjennomført mange fjøsbesøk for å gi vurderingar av saneringsopplegg og for å hjelpe lokal veterinær og rådgjevar.

Kurs for veterinærstudentar: 2 kurs på NVH for studentar som skal fordjupe seg i produksjonsdyrearter.

Kurs for rådgjevarar: Haraldvangen, Hurdal(TINE-rådgiving)

Geitedagane i Svolvær – innlegg
Saneringsnytt: 3 nummer
Avisinnlegg: Sau og geit.
Internett: Oppdatering av websider

Deltaking i andre noverande prosjekt og utvikling av nye prosjekt, kurs m m.

Fire forskingsprosjekt finansiert gjennom Noregs Forskningsråd:

Paratuberkulose, vidareutvikling av gammainterferontesten saman med Veterinærinstituttet
"Optimal helse, velferd for kvalitetsprodukter fra norske geiter" saman med NVH
Velferd hos geit, saman med NVH
Anthelmintikaresistens hjå småfe - saman med NVH og Animalia, Helsetjenesten for sau.

Eit samarbeidsprosjekt mellom Helsetjenesten for Sau, NSG, Nortura, TINE og NVH
Malangshalvøya – byllsjuke på sau og geit

Møter i styringsgruppe

Styringsgruppa: 2 fysiske møte og 4 telefonmøte. Styringsgruppa har vore meir direkte involvert i konkrete saker enn tidlegare år. Grunnen er at dette ofte har handla om ekstra løyvingar som det har vore naturleg å ta opp med styringsgruppa.

Kontakt med Mattilsynet



Det har vore godt samarbeid med Mattilsynet på ulike distriktskontor rundt om i landet. Det har også ved fleire anledningar vore kontakt med Nasjonalt senter i Sandnes om forvaltningspraksis for smittsame sjukdommar og behov for endringar. Denne kontakten er planlagt å halde fram også i 2008. Mattilsynet har observatørstatus i styringsgruppa. Også denne kontakten har fungert svært bra i 2007.

Deltaking og påmelding 2007

46 produsentar har gjennomført sanering eller testing med resultat at dei testar fri for dei tre sjukdommane.


169 produsentar totalt er no med i testprogram og har gjennomført sanering / har buskap fri for CAE, byllesjuka og paratuberkulose

103 produsentar er påmeldt i perioden 2008-2010, av dei er 42 i gang med arbeidet i 2008.



Sjå oversikt over fylkesnummer og namn på siste side

Oversikt over mjølkebuskappar, totalt, sanerte og ikkje påmeldte pr fylke.



Fylke	alle produsentar	ikkje påmeldt	sanert
2	1?		1
4	23	12	9
5	51	29	18
6	16	7	2
8	22	4	17
11	13	1	5
12	33	16	11
14	77	42	25
15	47	33	7
16	1?		1
17	7	5	3
18	36	7	21
19	127	76	26
	453	232	146

Resultat

CAE

I 2007 vart det analysert 10602 prøver for antistoff mot CAE på TINE Mastittlaboratoriet i Molde. Av dette er 943 tankmjølkprøver. Det er teke blodprøver i 140 buskappar. Det er testa småfe i til saman 527 buskappar.

Omfang av CAEtesting	
Prøvetype	Tal på buskappar
Geit	517
Sau	31
Totalt (både sau og geit)	526
Blodprøver (alle)	140
Tankmjølktestar, inkludert fellesstølar	484

Resultat testing for antistoff mot CAE

Årsak til testing for CAE	Negative	Positive	%positive
Kontroll av kje like etter snapping	1717	11	0,6
Kontroll av individ etter sanering frå dei er ca eitt år gamle	5389	14	0,3
Tankmjølktesting	126	358	74

Oversikt over CAE- positive dyr snappa i 2007	
Testing av kje før 5 veker	
buskap nr	tal positive
1	1
2	1
3	2
4	7
Testing ca eitt år gamle dyr	
buskap nr	tal positive
1	1
2	1
3	1

CAE-positive meir enn eitt år etter sanering		
produsent nr	antall CAE-positive	saneringsår
1	1	2002
2	1	2003
3	2	2005
4	1	2005
5	1	2006
6	1	2006
7	1	2006
8	2	2006
9	1	2006
10	2	2006
11	1	2006

Alle sanerte buskappar er i 2007 ikkje testa med blodprøve av enkeltdyr, då ein også brukar tankmjølktesting. Dersom ein summerer tala på buskappar i dei to tabellane ovanfor, ser ein at det i 2007 er påvist CAE-antistoffpositive geiter i 18 buskappar etter sanering. Andelen av CAE-antistoffpositive geiter er såleis framleis svært låg, og det er svært sjeldan meir enn 2 positive geiter pr buskap dersom det er positive dyr i flokken. Frekvensen av testing ved hjelp av blodprøve vil stadig gå ned, og vi vil satse meir på bruk av tankmjølktest. Dette vil gjera prøvetaking for overvaking relativt rimelegare i framtida.

Det blir analysert to tankmjølkprøver årleg frå sanerte buskappar. Det er svært godt samsvar mellom blodprøver av enkeltdyr og tankmjølktest for CAE-kontroll på buskapsnivå.


CAE på sau

CAE er ein sjukdom som ein finn både i sau og geit. I dei aller fleste buskappar som har både sau og geit finn ein CAE-antistoffpositive sauer. Det er difor nødvendig å kartleggje og sanere sau på linje med geitene, for å hindre at sanerte geiter blir smitta av sauene. Ved utslakting og ny testing etter ei tid, går frekvensen av CAE-antistoffpositive sauer ned.


Det er testa ca 940 sauer i 31 buskappar i 2007. 31 har fått påvist antistoff mot CAE, noko som utgjer 3,3%.

Byllesjuketesting 2007

Byllesjuka spreier seg svært snøgt i ein geitebuskap dersom ein abscess sprekk og pusset kjem ut i miljøet. Dette har skjedd i tre buskappar i 2007. Desse tre buskapane er smitta i løpet av året. Det er også blitt oppdaga byllar i to buskappar utan at dei har sprukke, og ingen fleire geiter er blitt smitta der. Dette syner kor viktig det er med godt tilsyn i byllesjukefrie buskappar slik at smitten kan bli avgrensa snøgt. I 2007 er det for det aller meste nytta ELISA-test til testing for byllesjuka. Nokon få prøver er analysert med Hemolysin



inhibisjonstest. Dette blir gjort på dei prøvene som kjem til Veterinærinstituttet i Oslo.



Kartlegging av byllesjuka i sauebuskapar i Balsfjord kommune held fram. Dette er ein del av forskningsprosjektet, "Optimal helse, velferd for kvalitetsprodukter fra norske geiter", ved stipendiat Gunvor Elise Nagel-Alne

Det er dyrka bakteriar frå ein del byllar som oppstår på dyr etter sanering. Det er dyrka frå byllar i 44 buskapar totalt. Dei bakteriane ein oftast finn der er *Staphylococcus aureus*, *Arcanobacterium pyogenes*. I tillegg til dette finn ein ofte blandingskulturar av ulike bakteriar. I fire tilfelle er det påvist *Corynebacterium pseudotuberculosis* ved dyrking frå geit etter sanering. I to av desse buskapane vart det større utbrot. I dei to andre vart dei positive dyra plukka ut og ingen fleire positive er påvist etterpå.

Det er også påvist *C. pseudotuberculosis* ved dyrking i fem sauebuskapar, før sanering.

Paratuberkulose


Det vart i februar påvist paratuberkulose i ein geitebuskap som gjennomførte sanering i 2004/2005. Det vart påvist mange klinisk sjuke dyr og mange som testa positivt utan å vise kliniske symptom. Det er lagt ned mykje arbeid for å laga ein ny saneringsplan i denne buskapen, men det har enno ikkje vore interesse frå eigar til å gjennomføre ny sanering. Det er ikkje påvist paratuberkulose i fleire sanerte buskapar enn denne eine ved utgangen av 2007.

Det er gjennomført sanering i 14 buskapar som har fått påvist paratuberkulose før sanering. Tala byggjer på statistikkar frå Veterinærinstituttet. Desse buskapane blir på vanleg måte fylgt opp med testing og klinisk undersøking.

Resultat av gammainterferontesting

Gammainterferontesten blir gjennomført i område der det blir vaksinert, og ein før sanering ikkje har god nok oversikt over buskapar som kan vera smitta. Dette er den viktigaste testen som blir brukt til påvisning av paratuberkulose i prosjektet. Veterinærinstituttet har testa med gammainterferontest i 36 geitebuskapar i 2007, og det er testa sauer i 12 buskapar. Dei fleste er kombinerte bruk med både sau og geit. Til saman 2157 individ er testa.

Fire bruk har hatt sterkt positive geiter. Tre av desse har hatt ei sterkt positiv geit kvar. Desse geitene er seinare obdusert med negativt resultat både når det gjeld patologi og bakteriologi. Den fjerde buskapen har mange positive, og har også hatt tilfelle med klinisk sjuke dyr. Det er fleire produsentar som har nokre få geiter som er svakt positive. Desse dyra vil bli testa på nytt. Berre ein sanert buskap har til no hatt geiter med kliniske symptom på paratuberkulose. Fire bruk har hatt positive sauer på gammainterferontesten ved kartlegging før sanering. Tolking og utvikling av gammainterferontesten inngår i eit påbegynt doktorgradsarbeid.



ELISA-test for paratuberkulose

Denne testen blir utført ved TINE mastittlaboratoriet i Molde. 2270 analyser er gjort i løpet av 2007. Testen har vore nytta som eit supplement til gammainterferontesten, og har vist seg å vera nyttig. Det er eit lovande arbeid i gang på laboratoriet for å kunne bruke testen til overvaking av mjølkegeitpopulasjonen, ved å teste tankmjølk regelmessig.

Bakteriedyrking for påvisning av paratuberkulose 2007

Det er dyrka ca 70 prøver frå enkeltgeiter og miljø i prosjektet i 2007.

To av ti miljøprøver har gitt positivt resultat ved dyrking. Det er svært lite, og ein kan diskutere nytten av denne prøva. Ein kan også tolke det slik at det er lite bakteriar i miljøet, og i så fall er det lovande for eit framtidig saneringsarbeid. Det er altfor tidleg å trekkje sikre konklusjonar om dette.

Testing av både geit og sau for paratuberkulose er heilt nødvendig i eit saneringsopplegg i risikoområde for paratuberkulose. Kor lenge dette må halde fram blir vurdert fortløpande. Difor har prosjektet planar om også dei komande åra å bruke betydelege ressursar på dette.

Semin

Prosjektet har støtta NSG-semin økonomisk. Avlsarbeidet må leggjast om i dei sanerte buskapane, og dette krev ein god del ekstra ressursar i ei overgangsperiode. Pengane blir brukt på smittefrie bukkar og på subsidiering av eigarinseminasjon på geit. Det har vore kurs i regi av Team Semin. Resultata er like god eller betre enn i fjor, mellom 50 og 60 % ikkje omløp.

EK geit

Innsamling av EK-data held fram. Det er forskningsprosjektet "Optimal helse, velferd for kvalitetsprodukter fra norske geiter" som har hand om dette. Data vil bli analysert når det er nok innsamla. Dette vil gje mykje informasjon om den økonomiske effekten av sanering.

Ny prosjektleiar

Det er tilsett ny prosjektleiar, Dag Lindheim, som tek til 1. februar 2008. Noverande prosjektleiar har hatt jobben sidan prosjektet starta i 2001.

Sluttord

Prosjektet har svært mange gode resultat å vise til også i 2007. Det er likevel skjedd ny infeksjon med byllesjuka på 3 bruk og paratuberkulose på eitt bruk. Dette viser at ein må alltid halde stort fokus på smittevern etter sanering. Det viser også at informasjon og opplæring av geitehaldarar, veterinærar og rådgjevarar er svært viktig å halde fram med. Ein må styrke opplæringa i geitehelse. Men minst like viktig er det å skape forståing for kor viktig ein rett samansatt fôrrasjon er for helsa, ved at det fremmar eit godt immunforsvar. Det same gjeld generell hygiene i fjøs og på beite. Det er heilt nødvendig å fylgje opp saneringstiltaka med oppgradering av fôring og hygiene i den enkelte buskap. Dersom dette ikkje skjer, vil det vera stor risiko for at saneringsarbeidet nokon stader kan bli mislukka. Her har den enkelte bonde eit stort ansvar for å trekkje inn kompetente rådgjevarar og veterinærar.

Dersom norsk geitehald skal ha ei sikker framtid, er det heilt nødvendig å halde fram med saneringa, då det gjev ein tydeleg gevinst både når det gjeld velferd og produksjon. Ein skal heller ikkje undervurdera den betydningen både paratuberkulose og byllesjuka kan ha som zoonoser.

Det er nødvendig med tett kontakt med Mattilsynet. Denne kontakten har teke seg svært bra opp i løpet av 2007, og det ser difor svært lovande ut for framtida. Det er framleis nødvendig å fylgje opp med justeringar av lovverket etter kvart som ein får ny kunnskap, og etter kvart som fleire og fleire geitebuskapar blir erklært fri for dei tre smittsame sjukdommane.

Vang, 1. februar 2008

Nils Leine

<i>Fykesoversikt med nummer</i>
1. Østfold
2. Akershus
3. Oslo
4. Hedmark
5. Oppland
6. Buskerud
7. Vestfold
8. Telemark
9. Aust-Agder
10. Vest-Agder
11. Rogaland
12. Hordaland
14. Sogn og Fjordane
15. Møre og Romsdal
16. Sør-Trøndelag
17. Nord-Trøndelag
18. Nordland
19. Troms
20. Finnmark